



FNB - Folkeaksjonen Nei til meir bompengar, Alver

FNB stiller med vallister i 5 fylke og 9 kommunar i komande Kommune - og Fylkestingval. Partiet vil også stille til val ved Stortingsvalet 2021.

Valprogram 2019 – 2023

Politikarane sine avgjerder påverkar oss alle i kvardagen, FNB Alver ønskjer at Alver skal vere den beste kommunen i landet å bu i. Mange opplever at styresmaktene tek avgjerder som veljarane er ueinige i. Bompengerbruken som verkemiddel til finansiering ; er diverre på veg til å komme ut av kontroll. Difor tilbyr FNB eit politisk alternativ med basis i det politiske sentrum, utan at bompengar skal takast i bruk som verkemiddel. Det politiske engasjementet startar dermed med utgangspunkt i bompenger-saka. FNB har ut frå denne føresetnaden sett saman eit kort valprogram innan dei ulike politikkområda.

Godt val!

- **Hovudmål for valperioden:**
 - **FNB Alver er garantisten mot alle former for bompengar og veg-prising.**
 - **FNB Alver vil stemma mot at Alver skal gå inn i Byvekstavgift med Bergen.**
 - **Slik stoda er i dag , og som det er vist til i intensjonsavtalen skal innbyggjarane i Radøy og Meland betala eigedomsskatt for ei tid, medan innbyggjarane i Lindås slepp unna. FNB Alver går inn for at alle innbyggjarar i Alver skal handsamast likt. FNB Alver seier nei til eigedomsskatt for alle i kommunen.**

- Ja til bevaring av Brekkeløypa og området rundt.
- Vi vil betra buss- og kollektivtilbodet i Alver kommune.
- FNB Alver vil kjempa for ein utbetring av E39 mellom Åsane og Nordhordland ved bygging av betre veg og - eller tunnel, utan bruk av bompengar.
- FNB Alver vil arbeide for å forhindre plast i havet.
- Vindmøller må plasserast i havet for å hindra unødige inngrep i vår flotte natur.
- Kvikksølvet i og rundt ubåten ved Fedje skal hevast slik at nåverande og framtidige generasjonar unngår ein miljøkatastrofe.
- Sikra at alle innbyggjarar i Alver kommune har god mobil - og breiband-dekking.
- FNB Alver vil legge til rette for å hindre handelslekkasje nord og sydover ved å fjerne bompengar.

- **Korleis vi forflyttar oss i kvardagen**

Kommunen Alver er stor i areal og innbyggjarane bur spreidd. Det gjer at vi har eit behov for å forflytta oss til arbeid, skule, fritidsaktivitetar, frivillig arbeid, omsorg for eldre og funksjonshemma, handel og andre aktivitetar. Vi treng fornuftige og rimelege måtar å røra oss rundt på utan restriksjonar og for høge avgifter. Arbeidet med ras-utsette vegstrekingar skal ha høgare prioritet enn investeringar i framkommelegheit og nye tunnelar på vegar der tryggleiken allereie er god.

Vi er positive til frivillige fellesordningar for privat transport.

- Sikre eit effektivt og rimelig kollektivtilbod.
- Auke bruken av miljøvennlege kjøretøy i kommunal regi
- Nei til veg-prising som vil flytte kostnader frå by til distrikt
- Auka frekvensen på båtruta Knarvik-Frekhaug-Bergen og ta i bruk meir miljøvennlege alternativ.

• Naturvern, miljø og klima

Vi er opptekne av miljøet vi bur i – rein luft, jord ,vatn og hav. Vi må redusere utslepp gjennom å arbeide for bruk av fornybar energi.

For Noreg som er ein av dei fremste hav-nasjonar verda , er eit reint hav ein grunnleggjande føresetnad for samla verksemd i landet. I arbeidet for eit plastfritt hav, må Noreg vere eit føregangslan.

Alver kommune skal som ein stor kystkommune, arbeide for å rydda opp og hindra meir plast i våre vakre kyst - og strandsoner.

Offentlege plassar og parkar skal vere tilgjengelege og inviterande. FNB står for ein restriktiv rus-politikk. FNB vil:

- Redusere bruk av eingongs plastemballasje i kommunen
- Oppmode kommunen om å differensiere avfallsgebyr slik at opprydding blir sjølvfinansierande
- Betre forståinga av at ein balansert forvaltningspolitikk også har plass til rovdyra våre
- Jobbe for klimanøytral oppvarming av kommunale bygg.
- Stimulere til auka kjelde-sortering av matavfall
- Støtte frivillige lag og organisasjonar som tek vare på friluftsområda i kommunen
- Arbeida for at idrettsanlegg unngår bruk av farleg plast.

• Barn, familie og fritid

Alle innbyggjarane i Alver må ha gode levevilkår for læring, helse og ei fritid med eit allsidig tilbod. Dette gjeld også for utviklingshemma personar. Familiar må ha rom for å utfalde seg og leve eit aktivt liv, også der privatbilen er ein føresetnad for dette.

• Skulemiljø – barnehage

Eit godt og trygt miljø er viktig for borna si læring og utvikling. Oppdatert undervisningsmaterieil, motiverte lærarar og trygge skulevegar må framleis prioriterast. Det er også viktig med eit godt samarbeid med næringslivet og andre utdanningsinstitusjonar, ikkje minst for å sikre god tilgang på læreplassar. Vi ønskjer at ungdom som tek utdanning skal oppleve at dei har eit val i arbeidsmarknaden om å kome attende til heimstaden sin, også med ei god utdanning.

Mobbing skal ikkje akseptierast på noko nivå i skulen. Strengt tiltak som verkar - skal setjast i verk.

Vi vil prioritere utbygging av barnehagar.

FNB Alver vil arbeida for å få faste vaktmeistrar tilbake på skulane for å sikra eit godt innemiljø og godt vedlikehald av bygga.

- **Idrett og frivillig arbeid**

I Alver kommune har idretten og det frivillige arbeidet alltid stått sterkt, ikkje minst på mindre stader ute i distrikta. Den nye kommunen skal spele på lag med alle delar av kommunen, slik at det blir ei rettferdig fordeling av investeringsmidlar til idretts- og kulturanlegg. Det skal vidare vere balanse mellom investeringar i idrett og kultur. FNB prioriterer breidde og folkehelse framfor toppidrettstiltak. FNB Alver ser positivt på at det finst lokale private aktørar som er villige til å delta i finansiering av ulike anlegg.

- Idrettsanlegg må ha kontinuerleg ettersyn og vedlikehald.
- Auke kapasiteten i kulturskulen. Kultur (musikk, teater) skal ha likeverdige vilkår som andre fritidsaktivitetar
- Fleire heilårsopne idrettstilbod
- Symjehall og kulturhus

- **Næringslivet vårt**

Samfunnet er avhengig av eit lønsamt næringsliv. Næringspolitikken skal leggja til rette for auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar og eit godt handels- og servicetilbod for innbyggjarar og tilreisande. Alver skal vere ein enkel og lønsam region å drive næring i.

Oljeverksemda og havbruk har dei siste 40 åra vore hovuddrivkrafta for næringsverksemd i Alver. Slik vil det framleis vere i dei neste åra. Framtidsretta næring er miljøvenleg og berekraftig og dermed også på lengre sikt konkurransesterk og lønsam.

- **Når vi blir eldre**

Alver kommune skal vere ein god kommune å bu i for innbyggjarar i alle aldrar. Når vi vert eldre får vi andre behov for å leve eit godt liv. Anten ein greier seg sjølv, eller treng offentleg omsorg, skal utfalding og livskvalitet vere like sjølvstøtt.

Eldre pleietrengjande må kunne bu heime lengst mogeleg. Dette fordrar at kommunen tilbyr gode heimetjenester. Omsorgs-stønad er eit viktig verkemiddel for å hente ut ressursane som ligg i nære pårørande. Bebuarar på sjukeheimar skal ha eit godt og reelt val om aktivitets- og kulturtilbod. Eldre par må få leve saman også i tilrettelagt bustad eller på institusjon. FNB Alver ønskjer at institusjonskjøkken vert innført att - der det ikkje er frå før.

- **Kultur, identitet og historie**

Frivillige lag, foreiningar og enkeltpersonar er viktige aktørar i opplæring og aktivisering av unge og for å tilby eit variert tilbod av kulturopplevingar.

Alver kommune sitt administrasjonsspråk skal vere nynorsk. Det store fleirtalet av kommunar i Vestland, utanom Bergen, nyttar nynorsk som sitt administrasjonsspråk . FNB ønskjer at nynorsken sin viktige posisjon skal sikrast, mellom anna gjennom vedtaket om nynorsk som administrasjonsspråk i Vestland fylkeskommune.

Kysttradisjonen er eit anna særmerke ved Alver. FNB ønskjer å styrke fartøyvern, kystsogelag og arenaer som sikrar vidareføring innan maritime handverksfag og båtbyggjar-tradisjon.

Lokalavisene er viktige nyheits- og kulturaktørar. FNB ser verdien av levedyktige lokalaviser også i papir-formatet. Kommunen skal bidra til å oppretthalde det økonomiske grunnlaget for lokalavisene gjennom å aktivt nytte desse til annonsering.

FNB Alver vil arbeide for å bygge eit region-museum i kommunen.

- **Folkehelse**

FNB vil sikre at gode helsetilbod finst der folk bur. Etableringa av Alver kommune skal på ingen måte bli ein drivar for meir sentralisering av helsevesenet -med tap av tilbod på dei mindre tettstadane og småstadane.

Det akuttmedisinske tilbodet , inkludert ambulansetjenesta ,skal tilfredstille dei offentlege krava om respons- tid over heile kommunen. Det lokale tannhelsetilbodet skal haldast på eit minst like godt nivå som i dag.

Alver kommune skal samarbeide om førebyggjande arbeid retta mot ungdom både i høve til rusmisbruk og psykiatri.

FNB vil:

- Ha dagtilbod og arbeidstilbod for brukarar av psykiatriske helsetilbod
- Oppretthalde operativ psykologiske kriseteam
- Styrkje det førebyggande arbeidet blant ungdom, spesielt innan rus og psykiatri
- Styrkje samarbeidet mellom fastlegane, psykologtenesta, helsestasjonane og skulen.
- Dialog med alle relevante aktørar for å sikre best mogleg samhandling - også pasientar og pårørande.
- Auke kapasiteten for akuttbehandling, rehabilitering og ettervern i forpliktande avrusingsprogram.
- FNB ønskjer ikkje legalisering av nye rusmiddel.
- Styrkje helsesøster-ordninga ved dei vidaregåande skulane
- Sikra ei tilfredstillande jordmorteneste.

- **‘Skap suksess der du bur’**

Heim og nærmiljø er det aller viktigaste for kvar og ein av oss. Vi ønskjer trygge bumiljø med kort avstand til det vi har mest behov for i kvardagen, slik at vi kan gå eller sykle til skule, barnehage og butikk.

Bustadbygginga i fylket må innrettast slik at folk framleis finn det attraktivt å bu i distrikta. Det er uaktuelt å belaste distrikta med GPS basert veg-prising, grunna utbyggingstiltak i byane.

FNB vil unngå bustadbygging og omregulering til næringsverksemd på det som er dyrka eller dyrkbar jord. FNB vil stille seg positive til alle som ser framtid i jordbruket slik at ein unngår nedlegging av bruk, att-skoging og tap av matjord. Det skal vere ein liberal praksis på søknads-handsaming for bustadbygging i tilknytning til gardsdrift. FNB vil:

- Verne om eigedomsretten og sikre familien og den enkelte tryggleik og råderett over eigen bustad og eigedom. Redusere bruk av ekspropriering.
- Resirkulering av eksisterande industriområde framfor omregulering av nye næringsområde

- **Arbeid og velferd**

Å ha ein jobb og ein arbeidsplass å gå til, må vere målet for alle innbyggjarar som har arbeidskapasitet. Funksjonshemma må ha tilrettelagte bu-, arbeids- og aktivitetstilbod. Alle skal ha dei same rettar og plikter i fellesskapet.

Alver kommune ser på våre nye landsmenn - og kvinner som ein ressurs. Desse må få tilgang til undervisning i norsk- og samfunnskunnskap. Vi veit at svært mange av desse er nøkkelpersonar på sine respektive arbeidsplassar. Det trengs difor ikkje alltid arbeidstrening, men at dei vert inkluderte i sosiale arenaer der dei bur. Her har vi alle eit ansvar for å sjå naboen og kollegaen sin.

Vi må sikre gode tenester for innbyggjarar i Alver med spesielle behov, som krisesenter, familiesenter og barnevern. Ideelle organisasjonar driv i dag eit godt arbeid blant ungdom, eldre og innanfor rusomsorga.

- **Kommunen vår**

Å administrere den nye kommunen blir ei stor oppgåve. Kommunen blir ein svært stor arbeidsplass mellom anna innan administrasjon, drift og undervisning.

Kommunen nyttar innbyggjarane sine skattepengar til å drive verksemda si. Då er det eit krav at ein driv mest mogeleg effektivt for å få gode tenester igjen for pengane.

FNB vil sjølvstilt stille like store forventningar til rasjonell effektiv kommunal drift som det ein ville forventa av ei privat verksemd.

FNB vil revidere politikaløner, slik at ein får fram folkevalde som arbeider betre for fellesskapet. Eit godt parameter for politikaløner er kor nøgd innbyggjarane er med lovnader og politisk styring.

- **Administrasjon og service**

Alver kommune skal ha innbyggjarane sitt beste som viktigaste rettesnor. Brukarane av kommunale anlegg og tenester skal alltid møte hjelpsame og service-innstilte medarbeidarar. Ei effektiv administrering av kommunen ; der ein aktivt tek i bruk digitale løysingar – gir raskare oppfølging for den enkelte innbyggjar. Informasjon til publikum om ulike tilbod og rettar ; må også ha høg prioritet. FNB Alver vil i større grad nytte innbyggjar-spørjingar og reelle folkerøystingar for viktige saker. Folkevalde er øvste mynde i kommunen - ikkje rådmann og administrasjon. FNB Alver forpliktar seg til å følgje alle rådgjevande folkerøystingar.

FNB Alver vil redusere løna til folkevalde. Ordføraren skal til ei kvar tid tena det same som ein stortingsrepresentant. Løna til utvalsleiarar og utvals-medlemar skal reduserast tilsvarande.

- **Eigedomsforvaltning**

FNB meiner at naudsynt rehabilitering av kommunale bygg skal vere blant kommunen sine viktigaste og fremste prioriteringar i åra som kjem. Vedlikehaldsbudsjettet skal ikkje vere ein salderingspost, men må styrkast for å unngå meir vedlikehalds-ettarslep. Kommunal eigedom skal ha kontinuerleg vedlikehald for å forlengje bygga si levetid. Sal av eigedom skal gjerast i større grad enn før, dersom kommunen sjølv ikkje identifiserer eigna bruk eller finn naudsynte ressursar til vedlikehald.



16.05.2019,

FNB ALVER v/Leiar Morten Klementsén | Bjørnstadvegen 169, 5919 Frekhaug | Mob: 47669999

| E-post: alver@neitilmerbompenger.no | Web: www.neitilmerbompenger.no | VIPPS: #512630

Kontonummer: 3632.61.90092